

- Kommunen bør overta Aktivitetshuset

16.06.2011



6 av dei 7 listekandidatane som møtte i Gammeskulen: Jostein Grov, Gunn Mari Moberg, elin Legland, Kjell Yri, Eskil Moen og Bjarne Lilleaas. Den sjuande var magne Huglen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er heilt naturleg at kommunen overtek Aktivitetshuset.**  
**Ingen trur det er sant når dei får høyrar at kommunen nyttar**  
**det gratis medan idrettslaget pungar ut med 70 000 i året.**  
**Det var Venstrepolitikar og leiar i idrettslaget Bjarne Lilleaas**  
**som heldt fram dette under idedugnaden i Gammeskulen som**  
**Dialogforumet i Uskedalen Utvikling avvikla i kveld.**  
**Dette var ei førebuing foran valet og dei tema som vart lagt fram vil bli**  
**følgd opp i eit større møte 5. september.**



Møteleiarar var Sigurd Børve og Bjørn Olav Tveit (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det møtte 7 listekandidatar frå 4 parti men svært få potensielle veljarar og arrangøren kom med ei generell oppmoding til folk om å spela iinn fleire sktuelle saker.  
Her er nokre av dei som vart berørt, reint stikkordmessig

\* Skulen må prioriterast av politikarane. Den må rustast opp slik at den kan godkjennast. Møteleiar Sigurd Børvre uttala at den er i forfall, men Kjell Yri (V) sa at det ikkje er så mykje som må til for å få den i akseptabel stand. Steinar Haugland understreka at det må takast høgde i skuleprosjektet for ny bustadbyggjing som no kjem. Elin Legland (Sp) var stemt for satsing på innhaldet i skulen i første omgang. Gunn Mari Moberg (H) var for å 'skrika høgt' om skulen, for då blir løyvinga kanskje større enn tenkt i første omgang. Magne Huglen (Ap) var for planleggjing med sikte på ein framtidig struktur.

\* Gang- og sykkelvegen bør forlengjast til Børnes og kanskje lenger. heldt Moberg fram og fekk støtte av dei andre politikarane. og Thor Inge Døssland. Hullén opplyste at hans parti har dette på programmet. Haugland gjekk inn for betre parkeringsplass rundt skulen og utvida veg dit. Yri streka under at det er viktig å sikra arealar i sentrum. Eskil Moen (Frp) minna om at det står att mange millionar kvart år til sykkel- og gangvegar. Janne Olsson var for gang- og sykkelveg ned til båthamna.

\* Haugland påpeika at idrettslaget her må betala for alt i motsetnad til andre stader.. Huglen ville arbeide for kommunal overtaking av Aktivitetshuset, Heio og grusbana. Døssland fann den noverande situasjon høgst urettferdig. Uskedelingane må satsa på dugnadar og innsamling av pengar, noko andre slepp. Lilleaas opplyste at kommunen kanskje kjem til å overta Heio til neste år. Laget har ellers vore inne på å la halve grusbana bli kunstgrasbane, noko som kan kosta 2 millionar. Dette var det usemje om i møtet, da nokre heller ville ha isbane, gjerne med kunstis. Ein av dei var Huglen.

\*Døssland peika på at tilskotet til frivillige lag har gått drastisk ned slik at Kvinnherad no er på botnen i fylket. Brannmeister Kjell Tungesvik minnte om at brannbilen frå 1973 er så dårleg at det er risikabelt å køyra med han. Fleire var for sikring av areal til friluftsføremål, til dømes badeplassar. Moen meinte at Uskedalen har eit stort potensiale for turisme.

Av Ola Matti Mathisen